**TYSNES KOMMUNE**
Rådmannskontoret
5685 UGGDAL
Telefon 53 43 70 10
Telefaks 53 43 70 11

DIREKTORATET FOR
SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP
- 7 SEPT 2004
Sak nr.: 04/3791-12
Ark.nr.: 330

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Postboks 2014

3103 TØNSBERG

UGGDAL, 01.09.04

| *Saksnr.* | *Dok.nr* | *Arkivkode* | *Avd/Sek/Saksh* | *Dykkar ref.* |
|---|---|---|---|---|
| 04/00600 | 006459/04 | 400 | FSK/FEL/ESLI | |

**FORENKLING OG EFFEKTIVISERING AV NØDMELDETENESTA**

Frå møte i FORMANNSKAPET 24.08.04, saknr. 0062/04.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

> " Tysnes kommune har ingen merknadar til framlegget om å organisera naudmeldetenesta som ei felles teneste med eitt naudnummer for alle etatane. Tysnes kommune er derimot svært skeptisk til tanken om å reduserta talet på naudmeldesentralar. Dette er ein lekk i den stadig pågåande sentraliseringsprosessen i tida.
>
> Med bakgrunn i den sentralisering me alt har sett av desse tenestene, veit me at det vil gje eit dårlegare tilbod til publikum som ikkje bur i nærmiljøet der sentralen ligg, altså utanfor byande der dei fleste sentralar er lokaliserte.
>
> Vurderinga av kva som er viktig, er ikkje den same om ein ringjer frå distrikta. Når det så fyrst er naudsynleg med innsats, er manglande lokalkunnskap hjå dei som styrer aksjonane, eit alvorleg hinder for å yta gode tenester.
>
> Lokalkunnskapen hjå dei som sit i store sentraliserte naudmeldesentralar, vert uforsvarleg dårleg, og sjølvsagt dårlegare di lengre vekk ein kjem frå der sentralen er lokalisert."

Med helsing
Tysnes kommune

Audun Hovland
rådmann

Eva Storetvedt Lien
konsulent